



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 Bergen

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/3814 - 17/11172

Saksbehandlar:

Per Sveinar Morsund

Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:

11.04.2017

Stadfester motteke klage/Utsatt iversetting av vedtak - gbnr 83/1 Spjotøy

Kommunen stadfestar med dette å ha motteke dykkar klage den 07.04.17

Sakshandsamingsfristen for klage er 8 veker, jf. byggesakforskrifta (SAK) § 7-1 1.ledd bokstav c. Der det er gjeve utsett iverksetting av vedtak er fristen 6 veker, jf. SAK § 7-1 1.ledd bokstav f.

Før kommunen førebur saka vert klagen sendt til partane med frist for innsending av kommentarar.

Klagen kan føre til at vedtaket vert endra av administrasjonen, jf. forvaltningslova § 33.

Dersom administrasjonen opprettheld vedtaket, vert klagen handsama av Plan- og miljøutvalet. Møta vert halde på rådhuset og er opne for publikum. Meir informasjon om politiske møte ligg på Lindås kommune si heimeside (<http://innsyn.sing.no/Lindas/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=moteplan&>)

Handsaminga i Plan- og miljøutvalet kan føre til at vedtaket vert endra, jf. forvaltningslova § 33. Vedtaket er då eit nytt enkeltvedtak som det er klagerett på. Vert administrasjonen sitt vedtak oppretthalde av utvalet, vert klagen sendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

Vurdering av utsett iverksetting av vedtak

I motteke klage er det oppmoda om utsett iverksetting av vedtak datert 07.04.17

Oppmoding om utsett iverksetting vert handsama uavhengig av sjølve klagehandsaminga.

Utgangspunktet er at vedtak i byggesaker kan setjast i verk straks dei er vedtekne og gjort kjend for partane. Når eit vedtak er klaga på, kan underinstansen fatte avgjerd om at eit vedtak ikkje skal setjast i verk før klagen er endeleg avgjort, jf. forvaltningslova § 42.

Avgjerda vert gjort ut i frå ei heilskaplege og konkret vurdering av klagen og av dei ulike interessene og tilhøva som gjeld sjølve saka, sjå Ombodsmannen si årsmelding 1985 s. 154. Det sentrale for avgjerda vil vere ei vurdering av dei fordelar og ulemper ei avgjerd om utsett iverksetting vil gje td. uoppretteleg skade eller tap for partane.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Tiltaket inneber ein dispensasjon til å utføre tiltak i strandsona. Tiltakshavar har ikkje sendt inn søknad om løyve til tiltak enno, men administrasjonen finn at det grunnlag for å gje utsett iverksetting av dispensasjonen inntil klagesaka er avgjort. Grunngevinga er at strandsona er underlagt eit særskilt vern, at det å utsette verknaden av dispensasjonsvedtaket får liten verknad for tiltakshavar, då dei enno ikkje har sendt inn søknad om løyve til tiltak og at eit eventuelt løyve til tiltak i strandsona er vanskeleg å tilbakeføre dersom vedtaket til kommunen vert omgjort og søknad om dispensasjon vert avslått. Konsekvensen av utsett iverksetting vurderast som vesentleg lågare enn konsekvensen av at dispensasjonen vert utsett til klagen er avgjort,

På bakgrunn av dette er vurderinga at det vert gjeve utsett iverksetting av vedtaket.

Denne avgjerda etter forvaltningslova § 42 er ei prosessuell avgjerd og kan ikkje klagast på. Fylkesmannen kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsett iverksetting i saka. Eventuelle førespurnadar om dette kan rettast direkte til Fylkesmannen i Hordaland.

Med helsing

Per Sveinar Morsund
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Jakob og Anna K Valle

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

Bergen